

Retningslinjer knytt til avtalen mellom Voss IL og Voss Utferdslag om bruk av Rosethytta.

1. ADMINISTRATIVT

Voss IL har eige hyttestyre for Rosethytta. Hyttestyret bør ha ein person som er kontaktperson i forhold til dagleg leiar i Voss Utferdslag.

Voss Utferdslag ved dagleg leiar har ansvar for marknadsføring og publikumsinformasjon i samsvar med punkt 6b i avtalen. I dette ligg og føring av kalender for mogleg reservasjon av hytta til større grupper.

2. ØKONOMI

Betaling for overnatting/besøk skjer ved bruk av Voss Utferdslag sine eingongsfullmakter. Hyttestyret må minst 3 gonger i sesongen levere eingongsfullmaktene til dagleg leiar i Voss Utferdslag.

Innløysing av eingongsfullmaktene og eventuell purring vert utført av dagleg leiar i Voss Utferdslag. All innbetaling går til Voss Utferdslag sin konto 3480.30.51250 og vert ført som eigen inntektspost i Voss Utferdslag sin rekneskap (Sjå punkt 6c i avtalen).

Voss Utferdslag har rekneskapsavslutning den 31. oktober kvart år. Snarast etter den 15. oktober (sesongslutt) må dei siste eingongsfullmaktene leverast til dagleg leiar.

Innan 31. oktober overfører Voss Utferdslag 70% av inntektene frå Rosethytta til Voss IL sin konto 3480.30.67254 (Sjå punkt 7 i avtalen).

3. NØKKELRUTINAR

Nøkkel skal henge i skap med kodelås. Hyttestyret kan endre koden. Koden skal vere kjent for alle i hyttestyret, dagleg leiar Voss Utferdslag og evt. andre som dagleg leiar finn det naudsynt å involvere i arbeidet med å informere publikum. På nøkkelskapet må det vere oppslag med dei telefonnummera besøkande kan ringe for å få oppgitt koden.

4. INFORMASJON TIL PUBLIKUM

På hytta skal det vere oppslag/perm med informasjon om reglar for bruk av hytta (orden, reinhald, vatn, avfallshandtering), gjeldande prisar og betalingsinformasjon.

Voss 20.04.2016

Tore Tvilde
Styreleiar Voss IL

Richard J. Jacobsen
Styreleiar Voss Utferdslag